



Båreandakt¹

Båreandakt kan haldast når det er ynske om det, og kan nyttast i heimen, på sjukehus og i andre institusjonar eller i gravkapell/bårehus.

Ved andakten kan ein nytta dei ledda som høver best. Ledda med + bør koma med.

Er det råd, skal ein lek kristen leia andakten.

1 | + Salme

2 | Helsing

Herrens fred vere med dykk alle.

3 | + Bøn

Lat oss be.

Himmelske Far, vi gjev oss over i di sterke hand og takkar deg for det du gav gjennom han som no er avliden. Styrk og trøysta dei som sit i sorg og sagnad. Hjelp oss å leva i samfunn med deg, så vi ein gong kan fara herifrå i fred, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre. Amen.

4 | + Skriftlesing

Lat oss høre Herrens ord.

Så vert éin av desse tekstane lesen:

ANTEN A

Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.

Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar
for sitt namn skuld.

¹ Denne liturgien er trykt i «Gudstenestebok for Den norske kyrkja, del II Kyrkjelege handlinger», utgjeve i 1992. Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapet si omsettjing 2024. Fadervår er frå 2011, men har link til oversettingane frå 1985 oog 1938.

Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
dei trøystar meg.

Du dukar bord for meg
framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.

Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar,
og eg skal bu i Herrens hus
gjennom alle tider. **SALME 23**

ELLER B

Eg lyfter auga mine til fjella.
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.

Han vil ikkje la foten din vakla,
din vaktar vil ikkje blunda!
Sjå, han blundar ikkje og søv ikkje,
Israels vaktar.

Herren er din vaktar,
Herren er din skugge
ved di høgre hand.
Sola skal ikkje skada deg om dagen,
heller ikkje månen om natta.

Herren skal vara deg frå alt vondt.
Han skal verna om ditt liv.
Herren skal vara din utgang og din inngang
frå no og til evig tid. fra nå og til evig tid. **SALME 121**

ELLER C

Herren er nådig, vi går ikkje til grunne.
Hans miskunn tek ikkje slutt,
ho er ny kvar morgon.
Din truskap er stor.
Eg seier: Herren er min del,
eg set mi von til han.

Herren er god mot dei
som ventar på han og søkjer han.
Det er godt å vera stille
og venta på hjelp frå Herren. **KLAG 3,22-26**

ELLER D

Vår Herre Jesus Kristus seier:

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.»

Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?»
Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.»
JOH 14,1-6

ELLER E

Herrens apostel seier:

Han trøystar oss i all vår naud, så vi kan trøysta dei som er i naud, med den trøyst som Gud trøystar oss med. For liksom Kristi lidingar i rikt mål kjem over oss, blir vi òg i rikt mål trøysta ved Kristus. Lid vi naud, er det for at de skal få trøyst og frelse. Blir vi trøysta, er det for at de skal få den trøysta som gjer dykk uthaldande i dei same lidingane som vi må gjennomlida. Og vårt håp for dykk er fast. For vi veit at slik de deler lidingane med oss, deler de òg trøysta. **2 KOR 1,4-7**

ELLER F

Herrens apostel seier:

Vi veit at om det blir nedrive, dette teltet som er vårt jordiske hus, så har vi i himmelen ein bygning som er frå Gud, eit evig hus som ikkje er gjort med hender. Medan vi er her, sukkar og lengtar vi etter å bli overkledd med vår himmelske bustad. For sjølv om vi har vorte avkledd, skal vi ikkje bli funne nakne. Så lenge vi er i vårt jordiske telt, sukkar vi under børa. For vi ønskjer ikkje å bli avkledd, men påkledd, så det dødelege kan bli oppslukt av livet. Den som har gjort oss i stand til dette, er Gud, som har gjeve oss Anden til pant. Difor er vi alltid ved godt mot, endå vi veit at så lenge vi er heime i kroppen, er vi borte frå Herren. For vi vandrar i tru, utan å sjå. **2 KOR 5,1-7**

5 | Stutt tale

6 | + Herrens bøn

Lat oss be Herrens bønn.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

7 | + **Velsigning**

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn vere med dykk/ oss alle.

8 | **Salme**

